

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

9. april 2015



**DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT**

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Torsdag 9. april 2015 kl. 11.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Planlegging av regionale sentre for protonterapi
- Sak 4 Nasjonal kompetanseoppbygging protonterapi

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Terje Vareberg

Ohene Aboagye

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Eigardirektør Ivar Eriksen

Fagdirektør Baard-Christian Schem
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae

Også til stades

Avdelingsdirektør Astri Knapstad
Avdelingsdirektør Maiken Engelstad
Underdirektør Helga Daae

Seniorrådgjevar Hilde Marie Rognlie
Seniorrådgjevar Marianne van der Wel

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Terje Vareberg og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold spurde om nokon hadde merknader til utsendt dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Idéfaserapport regionale sentre for protonterapi

Etablering av partikkelterapi i Noreg vil vere eit betydelig løft for kreftpasientar og for pasientretta forskning. I føretaksmøte den 27. september 2013 fikk dei regionale helseføretaka, med bakgrunn i tidlegare utgreiingar, i oppdrag å setje i gong idéfase for etablering av fire regionale sentre for protonterapi, lokalisert til Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø for å kunne tilby likeverdige og geografisk nært tilbod til alle pasientar som har nytte av protonterapi. Idéfaserapporten låg føre i desember 2014 og blei gjennomført i fellesskap av dei regionale helseføretaka under leiing av Helse Vest RHF.

I rapporten ble det vurdert tre alternativ for etablering av protonterapi i Noreg.

Alternativ 0; dagens praksis, der Noreg sender pasientane til utlandet for protonbehandling

Alternativ 1; gradvis oppbygging av regionale protonanlegg

Alternativ 2; etablering av protonanlegg i alle helseregionar innan 2022.

For å sikre nødvendig framdrift i saka bad føretaksmøtet om at det blei gjennomført ekstern kvalitetssikring av idéfaserapporten inklusiv dei tidlegare utgreiingane. Som ein del av kvalitetssikringsarbeidet bør det og bli gjennomført samfunnsøkonomiske analyser knytt til etablering av protonterapi i Noreg. Arbeidet skal verte utført i regi av Sjukehusbygg HF, med frist innan 1. august 2015.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka gjennom Sjukehusbygg HF å gjennomføre ekstern kvalitetssikring av idéfaserapporten "Regionale sentre for protonterapi", samt samfunnsøkonomiske analyser knytt til etablering av protonterapi i Noreg. Frist for oppdraget vert sett til 1. august 2015.

Sak 4 Nasjonal kompetanseoppbygging protonterapi

Føretaksmøtet la til grunn at det vert sett i gang ein langsiktig nasjonal kompetanse- og kunnskapsoppbygging innan protonterapi i tråd med anbefalingar i idéfaserapporten om regionale sentre for protonterapi, kap. 6 Nasjonal kompetanseoppbygging. Kompetansen må verte bygd opp raskt for å sikre at norske pasientar som bør få eit tilbod om protonterapi faktisk får eit slikt tilbod i utlandet inntil det er bygt opp eit behandlingstilbod nasjonalt. Det må òg arbeidast for å byggje opp kompetanse til å kunne bemanne protosentra i Noreg etter kvart som dei vert vedtekne bygget og sett i gong. Kompetanseoppbygginga skal skje nasjonalt for å sikre at det finst kompetent personell i alle helseregionar.


Det er i 2015 løyvd 15,9 mill. kroner til vidare utgreiingar av protonterapi, kor 3,975 mill. kroner er tildelt Helse Vest RHF. Det vert lagt til grunn at kostnader knytt til gjennomføring av oppdraga som er gitt under sak 3 og 4 i dette føretaksmøtet, vert utført innanfor den tildelte ramma.

Føretaksmøtet vedtok:


Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka om å starte ei langsiktig systematisk satsing på oppbygging av kompetanse og kunnskap om protonterapi i tråd med anbefalingar i idéfaserapporten om regionale sentre for protonterapi. Det vert lagt til grunn at kompetanseoppbygginga skal skje nasjonalt for å sikre at det finst kompetent personell i alle helseregionar.

Møtet vart heva kl. 11.10.

Oslo, 9. april 2015



Frode Myrvold



Terje Vareberg

